

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 01.10.2021 10:18:41

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til SAMO, 06.10

**Vedlegg:**

Busslomme ved Halsnes på vegen mellom Dale og Storehaug

Eg har blitt kontakta av innbyggjarar på Halsnes i Fjaler om flytting av busslomme. Dei har tidlegare klagt på endringa i reguleringsplanen, og då fått til svar at dette var ein detalj som ein ville kome attende til i detaljplanlegginga. No er ein i gang med den, uten at klagen er behandla, og dei opplever det vanskeleg å få svar om saka frå fylkeskommunen som vegeigar og ansvarleg for anlegget.

Det vert hevdat at busslomma må flyttast for å gje betre siktlinje. Medan brukarane av busskuret (yngre familie med snart skuleborn) hevdar det blir meir trafikkfarleg for borna å gå ei lengre strekke langs fylkesvegen for å kome til nytt busskur.

Vi har i Vestland mange strekker der born må gå langs trafikkert veg, uten vegskulder, for å kome til busstopp. I dette tilfellet vil heller ikkje flyttinga gjere at andre får kortare veg. Det må vere eit mål å legge til rette for færrest mogeleg slike saker. Eg viser til at fylket som vegeigar foreslår ganske krevjande rekkefølgekrav for andre utbyggjarar for å få på plass trygge nok gangvegar på deira anlegg.

Er det mogeleg å gjere fråvik frå siktlinja, evt gjere enkle avbøtande tiltak, for å framleis kunne ha busstoppet der det er og slik sett gjere skulevegen tryggare for dei som bur på Halsnes?

Kva tid vil grunneigar på svar på klagen, og korleis kan han bli høyrt i saka?

Mvh Trude Brosvik, KrF